

## Sissel Brusegård

---

**Fra:** Anne Kauppi <anne@sognok.no>  
**Sendt:** 5. mars 2017 22:32  
**Til:** Sissel Brusegård  
**Emne:** Kommentarer fra Sogn Opplæringskontor til møte i FON

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei,

Alt i alt så registrerer eg at det utlyste tilbudet på VG1 er i samsvar med søkerane sit ynskjer, i veldig stor grad.

BA  
VG2 klima, energi- og miljøteknikk – her får me ikkje søkarar til dei læreplassane me lyser ut no i 2017 (2 læreplassar) – me fekk ingen i 2016 heller, slit med å få kvalifiserte søkarar

EL  
Innan elektrofaga så er det samsvar, og tilbudet må oppretthaldast slik det er. Mange elevar ynskjer seg til elektro, men eg trur tal læreplassar ikkje vil auke noko særleg framover

HS  
Samsvarar godt, men me manglar søkarar til læreplassane og bør vurdere å auke tal klassar på VG1

RM  
Her har me prøvd i 2 år å få lærling innan institusjonskokkfaget, og ikkje lukkast. Gledeleg no å sjå at det er søkarar på VG2 som samsvarar greitt med det utlyste tilbudet

SS  
Her er det litt avstand mellom tal søkarar og utlyst tilbod. Me arbeider hardt for å få læreplassar, særleg innan VG2 sal, service og tryggleik. Her lyser me ut inntil 10 læreplassar i 2017, og talet er stigande år for år. Bør oppretthalde dette tilbudet neste skuleår

TIP  
VG2 så er eg bekymra for søkartala til industriteknologi. Her har me læreplassane i andre enden, men alt for få søkarar. Berre SOK vil ta inn over 20 lærlingar her i 2017 viss me får tak i søkerane  
I tillegg har me læreplassane på VG2 kjemiprosess – 14 læreplassar lyste SOK ut no i 2017. Dette tilbudet oppmodar eg om må få halde fram

Håpar dette er greitt Sissel, gje ein lyd om du vil eg skal kommentere noko meir utdjupande

Med venleg helsing

Anne Kauppi  
Dagleg leiar

---

Telefon: +47 911 20 643 | E-post: [anne@sognok.no](mailto:anne@sognok.no)

Sogn Opplæringskontor, Farnesvegen 32, 6884 ØVRE ÅRDAL

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/opplæringsavdelinga

Stryn, 7. mars 2017

## Opplæringstilbodet for skuleåret 2017 - 2018

Under følgjer våre innspel til opplæringstilbodet for skuleåret 2017 - 2018.

### 1. Vg1 Elektrofag

Nordfjord Opplæringskontor ser behov for å auke opp med ei klasse i Vg1 Elektrofag i Nordfjord frå dagens to klasser til tre klasser.

#### Dette meiner vi fordi:

- Skal ein i framtida få kontinuitet i rekrutteringa inn dei tre Vg2 kursa elenergi, automasjon og Data og elektronikk vil ein vere avhengige av at fleire elevar går på Vg1. Desse Vg2 kursa rekrutterer i stor grad frå Vg1 Elektrofag på Nordfjordeid, og dermed vil lågare elevtal på Vg1 ha negative konsekvensar for kursa på Vg2, noko som vi meiner viser seg allereie ved prøveinntaket i år.
- Nordfjord har eit mangfaldig og svært spennande næringsliv som opplever stor vekst innan alle dei aktuelle Vg2 kursa.
- Skal ein tilfredstille næringslivet sine behov for arbeidskraft i åra framover må ein sikre nok rekruttering til alle dei tre felte automasjon, elenergi og dataelektronikk.
- Næringslivet i Nordfjord har over tid vist at ein klarar å få ut elevane i lære.

**Anbefaling:** Det blir etablert ei ekstra klasse på Vg1 Elektrofag i Nordfjord frå skuleåret 2017 - 2018.

### 2. Vg3 Dataelektronikk og Vg2 Data og elektronikk

Nordfjord opplæringskontor ser det som sjølvstøtt at Vg3 Dataelektronikk ved Eid Vidaregåande Skule blir sett i gang tross at kurset opplever lågare søking i år.

Vi meiner den låge søkinga heng saman med spesielt to faktorar:

- Færre elevar på Vg1 Elektrofag.
- Der det tidlegare var to Vg2 kurs som rekrutterte frå Vg1 Elektrofag er det no tre Vg2 kurs då ein har etablert tilbod i automatisering. Dette byggjer opp under vår argumentasjon i punkt 1.



Det skjer mykje spennande innan IT-bransjen i Nordfjord. Nordfjord opplæringskontor jobbar aktivt saman med fleire ulike bedrifter for å etablere nye læreplassar i faget, og vil allereie frå hausten ha nye læreplassar klare. Samla sett i fylket ser vi at det totalt er 29 søkjarar til bedrift mot 30 læreplassar. Vi trur at tal læreplassar vil auke, og det er difor særskilt viktig å halde oppe rekrutteringa i faget.

Vi vil vidare be om at Vg2 Data og elektronikk blir sett i gong i Nordfjord for å halde oppe kontinuiteten i rekrutteringa til Vg3 Dataelektroniker.

**Anbefaling:** Vg3 Dataelektronikk og Vg2 Data og elektronikk blir sett i gong i Nordfjord.

### 3. Helsearbeidarfaget

Nordfjord Opplæringskontor synest det er særskilt gledeleg å sjå den store søkinga til Helse og Oppvekstfaga. Vi registrerar i tillegg ei positiv endring på tal elevar som ynskjer å gå ut i lære til hausten. I følgje nyare tal er det innan helsesektoren i Nordfjordkommunane om lag 130 årsverk i aldersgruppa pluss 59 år som i løpet av dei fem neste åra skal erstattast. Dette viser behovet for at fleire vel ei utdanning innan helsefaga. Nordfjord opplæringskontor meiner det difor er viktig at flest mogeleg av dei som ynskjer får mogelegheita til å starte på VG1 Helse og Oppvekst. Det vil framover ikkje vere utfordringar med å få læreplass til desse elevane. Utfordringa no slik vi opplever det er at det er for få elevar under utdanning i motsetning til behovet for arbeidskraft i denne sektoren.

### 4. Service og samferdsel

Nordfjord opplæringskontor har det siste året jobba målretta med å etablere læreplassar innan reiselivs-faget, salgsfaget og kontor&administrasjonsfaget. Service og samferdsel er eit relativt nytt utdanningsprogram ved Stryn vidaregåande skule, og søkjartala til utdanningsprogramma har vore relativt gode. Alle som ynskjer læreplass i Nordfjord i desse lærefaga hausten 2017 vil få læreplass.

Fyrsteinntaket viser totalt 18 søkjarar på VG1 Service og samferdsel, og vidare 5 elevar på VG2 Sal, service og sikkerhet og 7 elevar på VG2 Reiseliv.

Reiselivet i fylket er i rivande utvikling, og vil ha behov for rekruttering innan reiseliv. Vi meiner difor at alle dei sju elevane som ynskjer å gå Vg2 Reiseliv (fylkesdekkande tilbod) bør få tilbod om dette. Vi meiner det vil vere læreplassar til alle elevane som søkjer inn på både Vg2 Reiseliv og Vg2 Service, samferdsel og sikkerhet, og at ein difor bør ta inn dei som har søkt dette faget.

**Anbefaling:** Det blir tatt inn 7 elevar på Vg2 Reiseliv.

Med vennleg helsing  
for Nordfjord opplæringskontor

Tom-Øyvind Solheim  
Dagleg leiar

## Sissel Brusegård

---

**Fra:** Hans Børge Lillehaug  
**Sendt:** 7. mars 2017 17:12  
**Til:** Sissel Brusegård  
**Kopi:** Henrik Oppen  
**Emne:** Innspill til dimensjonering

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Viser til dokumentet «Tal søkjarar med ungdomsrett til opplæring i skule 2017-2018»

Samla for skulene Dale vgs. og Mo og Øyrane vgs. er det til Vg1 Helse- og oppvekstfag registrert 87 søkjarar med ungdomsrett til 66 plassar.

Ber derfor om at det blir vurdert om kapasiteten kan aukast.

*Hans-Børge Lillehaug*

**Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane**

daglig leder

90 61 79 79

Firdavegen 6 (Concord), Pb.57, 6801 Førde

[www.okosweb.net](http://www.okosweb.net)

## Sissel Brusegård

---

**Fra:** Nils Arne Ødegård <nilsarne@byggopp.no>  
**Sendt:** 7. mars 2017 22:56  
**Til:** Sissel Brusegård  
**Emne:** Fwd: Dimensjonering av klassar innan Bygg-og anleggsteknikk 2017.2018  
**Vedlegg:** Dimensjonering av klassar innan Bygg-og anleggsteknikk 2017.2018.docx; ATT00001.htm

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei!  
Her kjem Byggopp sine innspel til dimensjoneringa for bygg og anleggs faga

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: Nils Arne Ødegård <[nilsarne@byggopp.no](mailto:nilsarne@byggopp.no)<<mailto:nilsarne@byggopp.no>>>  
Dato: 7. mars 2017 kl. 16.39.09 CET  
Til: Nils Arne Ødegård <[nilsarne@byggopp.no](mailto:nilsarne@byggopp.no)<<mailto:nilsarne@byggopp.no>>>  
Emne: Dimensjonering av klassar innan Bygg-og anleggsteknikk 2017.2018

## Dimensjonering av klassar for Bygg-og anleggsteknikk skuleåret 2017/18.

I Bygg-og anleggsfaga er det stor mangel på arbeidskraft og lærlingar.

Dette gjelder alle våre fag, men spesielt stort innan Betong, tømrrar og røyr, men også innan mindre fag som malerfag og vent og blikk er det mangel på fagarbeidarar.

Vi har også fått eit nytt fag innan denne retninga som heiter Byggdriftarfaget.

### Sogndal Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	4 klassar
VG2 Byggteknikk	2 klassar
VG2 KEM	1 klasse
VG2 Anleggsteknikk	1 klasse

### Florø Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	2 klassar
VG2 Byggteknikk	1 klasse
VG2 KEM	1 klasse

### Stryn Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	1,5 klassar
VG2 Byggteknikk	1 klasse

Her er det viktig at vi tek inn fleire elevar på VG1 da erfaringa frå dette distriktet viser at mange søker Vg2 anleggsteknikk og delvis VG2 Kem. Med denne lekkasjen vert grunnlag for VG2 i Stryn veldig svekka og vi kan da risikera at dette tilbodet ikkje vert sett i gang . Dette må vi unngå da behovet for VG2 Byggteknikk i dette området er stort i lokalt næringsliv.

### Måløy Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk 1 klasse

VG2 Byggteknikk 1 klasse

### Mo og Øyrane Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk 5 klassar

VG2 Byggteknikk 3 klassar

VG2 Anleggsteknikk 2 klassar

Her er det viktig å ta vare på den store søkningen på VG1 Bygg-og anleggsteknikk slik at vi danner eit godt grunnlag for VG2 til neste år.

Her er det viktig å presisere at BYGGOPP med våre 160 medlemsbedrifter ikkje kan gå inn for 2 klassar på VG2 anleggsteknikk om dette går på bekostning av ein VG2 Byggteknikk klasse utover det totale forslaget me sender inn. OKAB er så klare på at behovet for 3 klassar totalt på VG2 Anleggsteknikk er til stades og at det er rikelig med læreplassar.

Med denne bakgrunnen går BYGGOPP inn for dette tilbodet og støttar auken frå 2 til 3 VG2 Anleggsteknikk klassar.



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

### **Kva betydning har stabile skuletilbod for Fylket vårt?**

For å kunne rekruttere til transportfag, som har eit stort behov i Sogn og Fjordane dei neste åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein kunne ha stabil søkarmasse til denne næringa er det viktig at det er rett fordeling av antall VG1 klassar. I Førde er det til dømes 2 klassar TIP og 3 klassar Bygg, dette gjenspeilar og søkjartalet til til VG1 som skal rekruttere til 4 VG2 løp.

I Stryn er det ikkje VG1 TIP klasse noko som og er uriktig i forhold til VG2 løp.

Det må vere større likheit mellom tilboda på talet VG1 og VG2 plassar i dei ulike skulane.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekkja sine nødvendige behov.

Det er svært viktig for næringa at det vert ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Førde, 07.03.2017

Med helsing

Opplæringskontoret for Transport og logistikk

Rune Apneseth



## Sissel Brusegård

---

**Fra:** John Ove Grov <john.grov@eninvest.net>  
**Sendt:** 8. mars 2017 12:55  
**Til:** Sissel Brusegård  
**Emne:** Klassetal Kokk/ servitør

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei

Viser til møtet med Opplæringsavd . fylket på Mandag 6 Mars der inntak 2017 vart lagt fram.

Behovet for læringar i våre fag innan kokk/servitør er stort, med eit årleg inntak på 25 lærlingar+. Det er flott att søknaden på skulane har auka litt frå 2016.

Det er difor viktig at det blir oppretta 2 klassar ved Mo og Øyrane Vidaregåande skule frå hausten 2017, slika at det er plass til dei 18 elevane som har søkt.

Det er mest sannsynleg at det er ein del elevar som har Kokk og servitør som andre valg.

Håpar dette kan bli tatt til følge i det vidare inntaket.

John Ove Grov

Dagleg leiar



**Opplæringskontor  
for Hotell- og Matfag**

Sogn og Fjordane

Concordbygget

Postboks 719 - 6800 Førde

Mobil +47 90056438

[john.grov@eninvest.net](mailto:john.grov@eninvest.net)

[www.okhm-sfj.no](http://www.okhm-sfj.no)



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)

# Opplæringskontoret for sness og mekanisk industri

Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Søking til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

Som oppfølging av møte med arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda måndag 06 mars i år sender vi våre innspel i samband med studietilbod 2017 - 2018.

Generelt vil vi sei at det er viktig at det vert ro over tilbodsstrukturen sånn at vi får bygd opp fagmiljø ved skulane.

Vi meiner det er viktig at det er samsvar mellom antall vg 1 klasser i Teknikk og industriell produksjon – TIP og det antall vg 2 løp det skal rekrutterast til.

Det vert rekruttert til fleire andre fag gjennom kryssløp, frå Teknikk og industriell produksjon, logistikk, anlegg og bergfag m fl. Det er difor viktig at antall klassar vert oppretthalde.

Tala over ledige læreplasser i industrifaga er høgare enn antall søkjarar, det stemmer godt med dei signal vi har fått, bedriftene treng fagfolk og satsar på å rekruttere gjennom lærlingordninga.

Med utgangspunkt i behovet for lærlingar og framtidig fagarbeidarar så meiner vi det bør opprettas ei vg 2 klasse i industriteknologi ved Mo og Øyrane vgs.


Vi er bekymra for rekrutteringa til Industrisnekkerfaget når kun ein av ein klasse på åtte vel læreplass, men dei andre vel studiespesialisering. Er vi sikker på at tilbod om studiespesialisering skal være eit tilbod etter vg 2, eller bør det være eit tilbod til dei som har fullført og bestått fagbrev.

Med bakgrunn i at vi kvart år lyt rekruttere lærlingar frå Hordaland og Rogaland til kjemi prosess meiner vi framleis at det bør opprettas vg 2 kjemiprosess ved Flora eller Mo og Øyrane vgs.

Vi registrerer at ungdom søker til næraste skule, td gjer det seg utslag ved Stryn vgs der vi meiner det burde vore tilbod om vg teknikk og industriell produksjon for å sikre rekruttering til industrien i område.

Førde 08 mars 2017

Med venleg helsing

  
Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar

0047 57832260 / 0047 91144966

[jorunn.kirketeig@pro.sf.no](mailto:jorunn.kirketeig@pro.sf.no)

Følg oss på Facebook!



I samband med dimensjonering av utdanningstilbudet for 2017-2018, og i e-post av 5. november 2016, meldte vi i frå om at vi er nøgde med 36 plassar VG2 køyretøy, men at det er praktiske utfordringar med drifta av VG2 «bilskade, lakk og karosseri» som gjer at vi ynskjer den klassen redusert til åtte elevar. Etter at saka var handsama, såg vi at bilskade, lakk og karosseri var redusert til seks elevar, og at køyretøy var redusert til 30 elevar, konkret seks elevar ved kvar av klassane på Mo og Øyrane. Dette var uventa og negativt for bilbransjen, vi ynskjer derfor å belyse saka slik vi forstår den.

På side 16 i saksframlegg til sak 16 / 7328 - 28 står det mellom anna: *-Som det går fram av oppsummeringa av arbeidet med formidling stod det att om lag ei halv gruppe med søkjarar til bilfaga. Dei fleste av desse er frå Sunnfjord. Eitt alternativ kan difor vere å opprette ½ gruppe vg2 bilskade, lakk og karosseri og ½ gruppe vg2 køyretøy ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Innsparinga vil berre vere i fellesfaga, så vi børre rekne om lag 1,5 grupperessursar til saman . Redusert tal søkjarar utan læreplass vil vere resultatet av omlegginga.*

I saksframlegget er det argumentert med at det var ca. seks elevar som ikkje fekk seg læreplass i bilfaga hausten 2016, og at ein då vil kunne spare litt ved å redusere begge klassane med seks elevar, slik at ein kan slå saman klassane i fellesfaga. Ein ofrar altso seks plassar i den andre klassen fordi ein då kan slå saman begge klassane i fellesfaga. Vi har undersøkt med skulen og det viser seg at per i dag har «køyretøy» og «bilskade, lakk og karosseri» samfunnsfag og gym felles, dvs. at **innsparinga vil vere på to timar norsk og to timar engelsk i veka.**

Vi ynskjer å finne ut meir om kvifor seks elevar ikkje fekk seg læreplass hausten 2016, men årsaka kan mellom anna vere at det ikkje er læreplass nær heimen til søkjaren. For det var og lærebedrifter som hadde læreplass, men som ikkje fekk tak i lærling hausten 2016.

Tabellen nedanfor viser at det **i 2017 er for lite søkjarar til bilfaga som rekruttera frå VG2 køyretøy.** Dette vil sjølv sagt bli endå verre i 2018 dersom ein ikkje beheld full klasse på VG2 køyretøy på Mo og Øyrane vgs. Søkjarar i frå VG2 bilskade, lakk og karosseri passar per i dag bra til tal læreplassar.

VG2 kurs	Opplæring i bedrift	Søkjarar med ungdomsrett til bedrift 1. val	Intensjonsavtalar
VG2 køyretøy	Bilfaget, lette køyretøy	28	23
	Bilfaget, tunge køyretøy	2	9
	Reservedelsfaget	1	5
		Søkjarar 31	Læreplassar 37
VG2 bilskade, lakk og karosseri	Bilskadefaget	3	4
	Billakkerarfaget	4	4
		Søkjarar 7	Læreplassar 8

Vi minner og om at det og var 19 primærsøkjarar til VG2 køyretøy ved Mo og Øyrane vgs.

**Med dette som grunngeving, ber vi om at det totalt blir 36 plassar på VG2 køyretøy for skuleåret 2017-2018.**

Venleg helsing **Roald Standnes, Bilbransjens opplæringskontor**





## Dimensonerung for Vg2 Anleggsteknikk 2017 - 2018

Det er god søkning til Vg2 Anleggsteknikk, og fylket har fått bygd opp eit svært godt og tilpassa utdanningsløp for anleggsbransjen med 3 grupper.

OKAB som er MEF (Maskinentreprenørenes forbund) sitt opplæringskontor signerte ei nasjonal intensjonsavtale der vi skulle auke med meir en 20% lærlingar frå 2012 – 2017. Vi auka med 44% på landsbasis, og i Sogn og Fjordane auka vi med 100% i same periode. Det er no 80 aktive lærlingar i OKAB Sogn og Fjordane.

Det er 63 søkjarar med ungdomsrett som har Vg2 anleggsteknikk som førstevalg. Bransjen er svært avhengig av 3 grupper (36 elevar) i fylket, og kan ta imot alle 36 elevane dersom dei kvalifiserar seg for å bli lærling i anleggsbransjen.

Det er meldt inn ledige læreplassar i anleggsfaga som OKAB rekruttera til.

### **Vg2 Anleggsteknikk**

- Anleggsmaskinførarfaget 37 plassar
- Fjell og Bergverk 6 plassar
- Veg og Anlegg 4 plassar
- Asfaltfaget 3-4 plassar

### **Naturbruk**

- Anleggsgartnerfaget 2-3 plassar

### **TIP (særløp 1+3)**

- Gjennvinningsfaget 1-2 plassar

Faga: Anleggsmaskinførarfaget, Fjell og Bergverk, Veg og Anlegg og Asfaltfaget er jamt fordelt i heile fylket.

### **Vg2 Anleggsteknikk rekrutterar frå Vg1 Bygg og Anlegg og Vg1 TIP (Teknikk og industriell produksjon)**

### **Søkjara til Vg2 anleggsteknikk kjem frå forskjellige Vg1 og vg2 løp**

- Vg1 Bygg og anlegg 41 stk
- Vg1 TIP 15 stk
- Vg2 Anleggsteknikk 1 stk
- Vg2 Industriteknologi 1 stk
- Vg2 Maritimefag 1 stk
- Ikkje identifisert 4 stk

Dersom vi ser på utviklinga av OKAB sine lærlingar har det auka jamt sidan 2012. Dersom vi ser på tala elevar ut frå dei forskjellige Vg2 løpa kan ein også sjå at anleggsbransjen ikkje har fråfall frå Vg2 til lærling.

Ut frå tala som vi har i dag.

Vg2 Anleggsteknikk 3 grupper, men det er 37 som søker læreplass i desse faga

(3 stk frå Anleggsteknikk har tatt omvalg dvs 4 elevar frå eit anna læreløp)

Vg2 Byggteknikk 5 grupper, men det er berre 49 som søker læreplass i desse faga

Vg2 KEM 1 gruppe, men berre 5 som søker læreplass

Vg2 Industriteknologi 7 grupper, men berre 54 søker læreplass

Det var også i 2016 fleire søkjarar inn til læreplass med ungdomsrett en det var elevar ut frå Vg2 Anleggsteknikk.

Dersom det vert redusert med ei gruppe er det **39 elevar som ikkje får sitt førstevalg oppfylt.** Det vil gå sterkt utover ei gruppe elevar i fylket. Det er også sagt at det skal vere høg prioritet på eleven sitt førstevalg.

### **Konklusjon**

OKAB har dei siste tre åra signert 35 og 38 nye lærekontrakter pr.år., og 4 til 5 elevar har signert lærekontrakt utanfor fylket pr år dei siste tre åra. Det viser at det er svært stort behov for lærlingar i framtida. Det vert også stilt krav til at i offentleg kontrakter, som er på over 1,1 million, skal det være lærling med i prosjekta.

Sitat

Magne Hafstad AS: Vi tar inn 3-4 lærlingar pr år som ein del av vår rekrutteringa.

Brødrene Lomheim AS: Vi tar inn 1 lærling pr år, men dersom det er lokale kandidatar tar me gjerne inn ein ekstra.

**Behovet for 3 grupper er med dette synleggjort.**

OKAB

Førde 08.03.2017

Jan Erik Øygard

## Sissel Brusegård

---

**Fra:** Bjarte Heggheim <bjarte.heggheim@nelfo.no>  
**Sendt:** 8. mars 2017 14:00  
**Til:** Sissel Brusegård  
**Emne:** Utdanningstilbudet Sogn og Fjordane 2017-2018

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

### Utdanningstilbudet Sogn og Fjordane 2017-2018

#### Bakteppe:

Noreg treng i følge berekningar frå SSB 100.000 nye fagarbeidarar i 2030

Sett i forhold til innbyggartalet og resten av landet utdannar Sogn og Fjordane allereie i dag mange elektrofagarbeidarar. Det langsiktige målet må likevel vere at elektrobransjen i fylket skal ta del i dette løftet og bli i stand til å ta inn fleire lærlingar enn i dag. Det vil marknaden kreve, og det vil bransjen ta del i.

#### Lærlingar:

Dagens situasjon tilseier at talet søkjarar med ungdomsrett til bedrift ser ut til å vere i tråd med det bransjen har sagt at dei er i stand til å ta imot. Erfaringane frå 2015 kullet som skulle ut i lærekontrakt, var at fekk vi nokre elevar som fekk tilbod om vg3 i skule, dette må ein prøve å unngå.

#### Opplæring vg1 og vg2:

Utlyst tilbod er i tråd med dei signala el-bransjen har gjeve, og som bedriftene er i stand til å ta i mot når elevane skal ut i lærekontrakt. Det blir likevel registrert at tilbodet på Nordfjordeid har overkapasitet på VG2 el-energi og data og elektronikk. Det kan sjå ut som at desse faga «lekker» til automasjonstilbudet. Elektrobransjen på Nordfjordeid er sterke på automasjon og søkjartalet kan og vere ein konsekvens av dette. Samstundes som det er eit resultat av nedtak av elevplassar på Vg1 i 2016. Tilbakemelding frå elektrobeidriftene på Eid går på at dei ønskjer å auke med ein klasse på vg1 for på sikt å fylle klassane som er etablerte på vg2. Sett frå eit lokalt ståstad kan dette verke fornuftig men kanskje ikkje forsvarleg når ein ser på fylket samla.

Når ein har etablert ferskt tilbod på Nordfjordeid med automasjon og ønskjer å halde fram med dette, må ein samstundes syte for å fylle dei andre klassane for el-energi og data og elektronikk. For å hindre at søknadstalet til desse klassane går ned bør ein heve talet elevplassar på vg1 for å imøtekomme etterspurnaden etter lærlingar i el-energifaget og data og elektronikk som er uendra. Det bør vurderast å auka vg1 elektro frå 12 til 14elevar pr.klasse på Eid VGS.

Det er naturleg å sjå på tilbodet på Eid i samheng med søknadsituasjon på Øyrane VGS som pr.no har 30.søkarar på 24.plassar på VG2 elenergi. Utan at søkjarane er kjende for meg vil eg tru at her er søkjarar som geografisk kan ta i mot tilbod frå Eid VGS.

Sogndal VGS er oppsette med 24plassar vg1. Etter det eg kjenner til er dette pr.i dag 28. Eg foreslår at dette blir endra til 28. som i dag.

På Årdal vgs vil det vere naturleg å tilby søkjarar frå Sogndal vgs elevplass på vg1 elektro for å fylle denne klassen opp.

## Utfordringar framover:

- El-Bransjen:

Få opp talet læreplassar. For å få dette til må talet arbeidarar med fagbrev opp, slik at dette ikkje er avgrensande for inntaket i bedrifta.

Her kan vi kanskje få hjelp frå redusert aktivitet i offshoreindustrien. Men dette har og konsekvensar i negativ retning mtp. el-bedrifter i vårt fylke som må redusere sin aktivitet. Dette har vi allereie eksempel på.

- Fylkeskommunen:

Følge opp med utdanningstilbodet. I framtida må fylkeskommunen ta høgde for grunnlaget for vg2 og vg3 når det blir dimensjonert i vg1. Kapasitet på vg2 må stå i forhold til rekrutteringsgrunnlaget som kjem frå vg1. Det er eit ønske om større forutsigbart utdanningstilbod, med dette meiner ein at ein ikkje bør ta opp og ned tilbodet skulevis på kort sikt. Då dette både er kostbart og lite forutsigbart for både søkjarar, elevar, lærar og bransje.

Med venleg helsing  
Bjarte Heggheim – Regionsjef  
tlf- 99 71 44 74



**OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane**

Firdavegen 6 | Postboks 781 | 6805 Førde

<http://www.nelfo.no> | <http://www.OKSU.no> |

Lik oss på <https://www.facebook.com/ofelsfj> 